



ARBEIDS- OG VELFERDS DIREKTORATET

REGELVERK FOR TILSKOTSORDNING – BARNEFATTIGDOM

Regelverk for kap. 621 post 63

Avdeling: Tenesteavdelinga
Seksjon: Oppfølgingsseksjonen

Godkjent:

	JA	NEI
Nytt regelverk?		X
Viss nei – oppdatering av versjon datert 27.10.10		

<p>1. Formål:</p> <ul style="list-style-type: none">• Førebyggje og redusere fattigdom og sosial eksklusjon blant barn og unge ved å styrkje det sosiale og førebyggjande arbeidet i kommunane• Utvikle nye tiltak overfor målgruppa• Betre samordninga av lokale tiltak• Styrkje og utvikle kunnskap og kompetanse blant aktørane i lokalsamfunnet
<p>2. Målgruppe: Målgruppen er barn og unge i familier/ barnefamilier som er i kontakt med de sosiale tjenestene i NAV-kontoret og andre vanskeligstilte.</p>
<p>3. Kunngjering: Nasjonale mål, hovudprioriteringar, tilskot til kommunane og utlysing på www.nav.no, Navet, http://kommune.nav.no og på nettsida til Fylkesmannen.</p>
<p>4. Krav til form og innhald i søknaden: Prosjekt som oppfyller krava til målgruppe, og som oppfyller formålet for kapittel 0621 post 63 i st.prp. nr. 1, kan få tilskot.</p> <ul style="list-style-type: none">• Søknaden må innehalde fullstendige opplysningar om namnet, adressa, kontonummeret og organisasjonsnummeret til søkeren.• Søknaden skal innehalde:<ul style="list-style-type: none">- beskriving av tiltaket- målsetjing, resultatmål og organisering av tiltaket- brukarmedverknad og eventuell bruk av individuell plan- arbeidsmåtar og verkemiddel- samarbeidspartnarar som inngår i tiltaket- forankring i kommunen (tiltaket må inngå i handlingsplanane til kommunen)- framdrifts-/milestolpeplan• Budsjettoversikt med utgifter og inntekter• Den kommunale eigendelen må utgjere minimum 20 prosent av søknadssummen.• Kontaktperson med telefonnummer, postadresse og e-postadresse
<p>5. Krav til søknadsbehandling, med opplysningar om kriterium og tilskotsstorleik:</p> <ul style="list-style-type: none">• Send søknaden til Fylkesmannen i det respektive fylket. Bydelar i Oslo skal sende søknaden til Fylkesmannen i Oslo og Akershus via byrådsavdeling for eldre og sosiale tenester.• Fylkesmannen sender ei prioritert oversikt til Arbeids- og velferdsdirektoratet på eige skjema. Utveljinga av tilskotskommunar skjer i møte mellom Fylkesmannen og Arbeids- og velferdsdirektoratet.• Vurderingane av søknaden skal byggje på kriterium som er gitt i statsbudsjettet, og eventuelt føringar frå Stortinget og departementet, og i kunngjeringsbrev frå

Arbeids- og velferdsdirektoratet til kommunane.

- Dersom talet på innkomne søknader overstig løyvinga til formålet, skal NAV prioritere ut frå opplysningane gitt i søknaden, beskrivinga av det faglege opplegget for tiltaket, og ikkje minst ut frå KOSTRA-tal og anna leveårsstatistikk. NAV skal òg vurdere om eventuelt tidlegare tilskot til det same formålet har gitt dei ønskete resultatata.
- Endeleg svar på søknadene vil liggje føre når kommunane har sendt inn

6. Reglar for klagebehandling:

Det er ikkje høve til å klage sidan vedtak om tildeling av tilskot etter desse ordningane ikkje er enkeltvedtak. Forvaltingslova § 2 første ledd bokstav a og b gjeld derfor ikkje.

7. Rutinar for utbetaling, rekneskapsføring:

- Tilskotsmottakarane får beskjed om tildeling av tilskot i eit tilskotsbrev. Krava til rekneskapsføring og rapportering hos mottakaren skal gå fram av tilskotsbrevet/fullmaktsbrevet.
- Mottakaren får utbetalinga når han/ho har returnert den vedlagde stadfestinga i utfylt og signert stand. Dersom tilsvarende tilskot er gitt til den same mottakaren tidlegare år, skal Arbeids- og velferdsdirektoratet òg ha fått revisorattest og rekneskap frå førre året før tilskotet blir utbetalt.
- Direktoratet kan halde tilbake / redusere utbetalinga dersom ein ikkje rettar seg etter innsendingsfristen og kravet til revisorattest og rekneskap.
- Dersom ikkje heile tilskot er brukt ved slutten av året, kan ein søkje Arbeids- og velferdsdirektoratet om å overføre ubrukne midlar dersom tiltaket/prosjektet skal vidareførast. Alternativt kan det for den enkelte mottakaren avreknast mot neste års løyving dersom det blir gitt tilskot til det same formålet neste år.
- Midlar som ikkje er brukte når prosjektet/tiltaket er avslutta, skal snarast tilbakebetalast til kontoen til Arbeids- og velferdsdirektoratet. Arbeids- og velferdsdirektoratet skal ha beskjed om tilbakeføringa.

8. Krav til rapportering fra tilskuddsmottakeren, oppfølging og kontroll, herunder statusrapport, revisorbekreftelse og sluttrapport der dette er aktuelt.

Tilskuddsmottakerne skal levere:

(a). Statusrapport ved å svare på elektronisk spørreskjema innen 15. februar året etter. Statusrapporten skal inneholde følgende:

- En beskrivelse av hvordan tilskuddet er benyttet, og om målene for tilskuddet er oppnådd.
- Anslag for hvor mange brukere i målgruppen som eventuelt omfattes av tiltaket.
- Hvordan tiltaket er organisert.
- Beskrive status for arbeidet, og resultater så langt.
- Hvilke metoder/virkemidler har vært benyttet
- Måloppnåelse

(b). Revisorattestert regnskap innen 31. mars året etter. Revisorbekreftelsen skal inneholde bl.a.:

- Beløpet på hvor mye tilskudd kommunen fikk eller hadde til disposisjon året før.
 - Eventuelt avvik fra budsjettet i søknaden.

(c). Kommunen skal levere en kort sluttrapport på tiltak/prosjekt som er avsluttet. Sluttrapporten skal inneholde: Sammendrag av prosjektet med oppsummering av metoder, resultater og erfaringer i lys av tiltakets målsetting, samt utfordringer.

Rapporteringskravene vil kunne presiseres nærmere i tilsagnsbrevet og tilpasses det enkelte tilskuddet.

Etter bevilgningsreglementet § 10 skal det tas forbehold om forvaltningens adgang til å føre kontroll med at bevilgningen nyttes etter forutsetningene.

<p>a) Tidsfrist for bortfall av tilsegn for tilskot som ikkje blir utbetalt straks: Som hovudregel fell tilsegn om tilskot bort dersom Arbeids- og velferdsdirektoratet ikkje har motteke stadfestinga på aksept av vilkåra i utfylt og signert stand innan tre månader.</p>
<p>b) Moglege reaksjonsformer dersom mottakaren gir urette opplysningar eller ikkje bruker tilskotet i samsvar med dei fastsette vilkåra: Tilskotet vil bli kravd tilbakebetalt heilt eller delvis, avhengig av omfanget av og årsaka til feilopplysningane. I særlege tilfelle kan rapportering til påtalemakta og eventuelt politimelding vurderast.</p>
<p>Oppsummering og evaluering:</p> <ul style="list-style-type: none">• Resultat og erfaringar vil bli systematiserte på bakgrunn av innkomne rapportar frå tilskotsmottakarane.• Arbeids- og velferdsdirektoratet vil kvart år vurdere behovet for å evaluere tiltaka under tilskotsordninga, enkeltvis eller samla.